



I siget: Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen har vind i segla. Ivar Arne Lid har håp om at tunnelen skal stå ferdig i 2020.

Tunnelplanar fengjer

■ Vil ha Hardangerviddatunnelen i NTP ■ Står ferdig i 2020?

Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen har vind i segla. Optimismen er stor, og håpet er at prosjektet er realisert innan 10 år.

Kjell Slåtten
ks@hallingdolen.no

Det nærmar seg eitt år sidan planane fyrst vart lansert på Geilo. Kort etter vart Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen stifta, med medlemmer på begge sider av fjellet. Sidan har det gått slag i slag.

– Me føler at me har kome veldig langt på dette snaue året, seier Ivar Arne Lid, medlem av aksjonsgruppa og ein av initiativtakarane.

Vekkjer engasjement
I dag er det i underkant av 100

bedrifter og enkeltpersonar som har teikna seg som støttemedlemmer og betalt kontingent. Midlane blir brukt til å marknadsføre prosjektet. Aksjonsgruppa har si eiga heimeside, og det er også oppretta side på Facebook. Den har per i dag nær 1.000 medlemmer.

Aksjonsgruppa har hatt fleire møte med IS Rv7, der alle kommunar langs Rv7 er med. IS Rv7 er i ferd med å få utarbeidd ein uavhengig analyse av Hardangerviddatunnelen, sett opp mot



dei planane vegvesenet har lagt fram for miljøtunnelar på Vidda.

I løpet av hausten har aksjonsgruppa presentert planane for Hovudutval for samferdsel både i Hordaland og Buskerud, og er møtt med stor interesse.

Siktar mot NTP

I løpet av det snaue året har aksjonsgruppa fått forsterka tru på at tunnelen kjem til å bli bygd, fortel Lid. Planane har vekt eit veldig engasjement og er svært positivt mottekne.

Den vel 15 kilometer lange Hardangerviddatunnelen frå Haugastøl til Sysendammen vil vere ei stor vinning for både miljø, næringsliv og trafikantar. Den vil ikkje minst gi full regularitet om vinteren. Tunnelen er kalkulert til 1,9 milliardar kroner, som ikkje er stort meir enn det miljøtunnelane i vegvesenet sine planar vil koste.

– Når Hardangerbrua blir opna i 2013 og Sokna-Ør-

genvika står ferdig i 2014, vil Hardangervidda stå att som ein «propp» i det kortaste sambandet aust-vest, seier Lid.

Aksjonsgruppa vil arbeide hardt for å få Hardangerviddatunnelen inn i Nasjonal transportplan (NTP) som skal reviderast i 2014. Deretter er håpet at tunnelen skal kunne realiserast i løpet av ein seksårsperiode.

Nasjonal turistveg

Eit vesentleg poeng ved tunnelplanane er at den eksisterande vegen over Vidda skal beholdast som turistveg sommarstid. Viss det i staden blir bygd miljøtunnelar, vil turistvegen bli vesentleg forringa.

Aksjonsgruppa vil heller at det motsatte skal skje og ser dette i samband med prosjektet Nasjonal turistveg Hardanger, som pågår i regi av Statens vegvesen. Der er det m.a. planen å bruke 110 mill. kroner til spektakulære turistinstallasjonar i Måbudalen. Det blir arbeidd for å vidareføre den nasjonale turistvegen austover til Haugastøl, men slike planar kan skrinleggast viss det blir bygd miljøtunnelar, ifølgje Lid.

– Ny Hardangerviddatunnel og den gamle Rv7 som nasjonal turistveg om sommaren vil gi Øvre Buskerud den største verdiskapinga sidan Bergensbanen kom, meiner Ivar Arne Lid og aksjonsgruppa.

Hallingdølen
- som julegåve?

Ring oss på tlf. 32 08 65 00, eller
send epost til abonnement@hallingdolen.no